



Eid kommune

Arkiv: FA - P52, HIST -
13/180
JournalpostID: 17/7549
Saksbehandlar: Kristine Dahl
Vedtaksdato: 23.05.2017

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--------------------------|------------|
| 044/17 | Teknisk-og samfunnsutval | 08.06.2017 |
| 085/17 | Formannskapet | 15.06.2017 |

Offentleg ettersyn - Kommunedelplan for ferjefri kryssing Lote - Anda

Bakgrunn for saka:

Kommunestyra i Eid og Gloppen vedtok i 2012 å utarbeide ein interkommunal kommunedelplan for ferjefri kryssing av Nordfjorden ved Lote i Eid kommune og Anda i Gloppen kommune. Planforslaget er no klart for å bli sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-14.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 vert kommunedelplan for ferjefri kryssing av Lote – Anda, vegløyningar, sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Vedlegg i saka:

| | | |
|------------|--|---------|
| 29.05.2017 | Planrapport - offentleg ettersyn | 1348338 |
| 30.05.2017 | ROS analyse Anda Lote | 1348411 |
| 30.05.2017 | KdP_Lote-Lotsberg - siste plankart mai | 1348412 |
| 30.05.2017 | KdP_Anda - siste plankart mai | 1348413 |

Teknisk-og samfunnsutval 08.06.2017:

Handsaming:

TSU- 044/17 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 vert kommunedelplan for ferjefri kryssing av Lote – Anda, vegløyningar, sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Formannskapet 15.06.2017:

Handsaming:


F- 085/17 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 vert kommunedelplan for ferjefri kryssing av Lote – Anda, vegløysering, sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.



Saksopplysningar:

Kommunedelplanen er ein arealplan som regulerer nødvendig areal for ilandføring av ulike brualternativ. Plankarta omfattar såleis berre noko areal i sjø, der bruene skal førast i land. Utover dette er det sett av linjer som syner noverande hovudveg og framtidige alternative vegtrasear både for bruer, tunnel og veg i dagen.

I tidlegare godkjent planprogram vart det skissert til saman seks moglege bruplasseringar. I planarbeidet har ein kome fram til tre moglege bruplasseringar, og ein har også peika på kva type bruløysering som kan vere aktuelle. Kva slags vurderingar som ligg til grunn for dei ulike trasévala er for omfattande til å gje att i denne saksutgreinga, og det vert difor vist til vedlagt planomtale som beskriver dette nærare. Skissene under viser elles endringa.



Plankartet under til venstre viser føreslege regulering på Anda, medan plankartet til høgre viser føreslege regulering på Lote.



Vurdering:

Kommunedelplanen er utarbeidd av Asplan Viak. Undervegs i planprosessen har konsultentselskapet hatt dialog og arbeidsmøter med kommunane som oppdragsgjevar og med selskapet Nordfjordbrua AS, som arbeider for ei ferjefri kryssing ved Lote – Anda. Dei nemnde representantane har også hatt møte med Statens vegvesen i planprosessen. Kommunedelplanen er ein overordna arealplan, som må følgjast opp med moglegheitsstudiar/konseptvalutgreiingar og detaljreguleringsplan. Rådmannen meiner at konsekvensane av planforslaget og aktuelle vegtrasear for brukryssing er tilstrekkeleg utgreidd på dette overordna nivået, og kan leggest ut til offentleg ettersyn. Ein må elles merke seg at områda på land er regulert som omsynssone for «*båndlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover, eller som er båndlagt etter slikt rettsgrunnlag, med angivelse av formålet*», jf. plan- og bygningslova § 11-8 andre ledd bokstav d. Ei slik bandlegging er avgrensa til fire år, men kan etter søknad til departementet forlengast med fire år.

Økonomiske konsekvensar:

Eid kommunestyre gjorde vedtak om finansiering av planarbeidet i møte den 27. mars 2014, sak KS-042/14. Gloppen kommunestyre vedtok tilsvarande finansiering i møte den 24. mars 2014, sak 016/14.